



«Mottakernavn»

«Adresse»

«Postnr» «Poststed»

«Kontakt»

Kontakt saksbehandlar

Marie Lillejordet Sivertsen, 51568841

Utlysing av tilretteleggingsmidlar for 2025/2026 for barnehagelærarstudentar på ABLU og deltidsstudie

Som del av regional ordning for kompetanseutvikling i barnehage, er det i Rogaland valt å bruke inntil 30% av midlane til å støtte barnehageeigar med tilsette som studerer til barnehagelærar. Det økonomiske tilskotet skal gjere det mogleg for eigarar (kommunar og private) å leggje forholda til rette for fleire pedagogar i barnehagane.

Samarbeidsforum i Rogaland har gitt Statsforvaltaren i Rogaland fullmakt til å fordele tilretteleggingsmidlar for studieåret 2025/2026.

Barnehageeigar kan søke om kr 60 000 per tilsett som oppfyller kriteria i ordninga.

Samarbeidsforum har satt av kr 8 021 700 til formålet.

Prioriterte studium i denne ordninga

- Studentar på 4. året, ABLU/deltid barnehagelærarutdanning/bachelorgrad i Steiner pedagogikk
- Studentar på 3. året, ABLU/deltid barnehagelærarutdanning/bachelorgrad i Steiner pedagogikk
- Studentar på 2. året, ABLU/deltid barnehagelærarutdanning/bachelorgrad i Steiner pedagogikk
- Studentar på 1. året, ABLU/deltid barnehagelærarutdanning/bachelorgrad i Steiner pedagogikk

Kriteria for å kunne søke om midlar

- Den tilsette skal ha studieplass, eller søkt om studieplass, ved dei prioriterte studia
- Den tilsette skal ha minimum 50% fast arbeidsforhold i barnehage i Rogaland



Det er barnehageeigar som har ansvaret for bruken av tilretteleggingsmidla og søker på vegne av sine tilsette.

Barnehageeigar søker via denne lenka:

- [Søknadsskjema tilretteleggingsmidlar 2025/2026](#)

Frist for å sende inn søknad er **31. august 2025**.

Korleis midlane skal nyttast

Midlane skal vere eit supplement for å leggja til rette for tilsette si deltaking på studiet. Som hovudregel skal midlane ikkje bli betalt ut som stipend, fordi han då vil bli skattepliktig og utløyse arbeidsgjevaravgift. Barnehageeigar kan ikkje avtale bindingstid for tilsette knytt til dei statlege tilretteleggingsmidlane.

Midlane blir betalt ut til barnehagemynde som fordeler midla til kommunale og private barnehagar kor tilsette har fått innvilga tilretteleggingsmidlar. Utbetalinga gjeld for heile studieåret 2025/2026. Midlane blir utbetalte i løpet av september/oktober 2025.

Dersom dei avsette tilretteleggingsmidlane ikkje er tilstrekkelege skal barnehagar og område som har utfordringar med å rekruttere kvalifisert personale bli prioriterte. Barnehagar som har fleire enn to kvalifiserte søkere, vil kunne få avslag i henhold til prioriteringa. Det blir gjort ei vurdering av kompetansebehovet i kommunane med bakgrunn i tal frå BASIL.

Ordninga omfattar ikkje studentar med annan treårig pedagogisk utdanning på høgskulenivå som ynskjer å ta vidareutdanning i barnehagepedagogikk.

Merknad til årets tildeling

Regjeringa innfører eit nytt heilskapleg system for kompetanse og karriereutvikling for tilsette i barnehage, grunnskule, vidaregåande opplæring og opplæring for vaksne. Systemet blir fasa inn i 2025 og 2026.

I tilknytning det nye systemet er det foreslått endringar i forskrift for tilskotsordning for kollektiv kompetanseutvikling i barnehage og grunnskule. Høyringsfrist for denne er 01. oktober 2025. Det er ikkje avklart korleis ordninga med tilretteleggingsmidlar for barnehagelærarstudentar på ABLU og deltid vil rettast inn frå 2026, men det vil framleis være statlege midlar som i dag til å støtte grunnkompetanse. I forbindelse med statsbudsjettet for 2026 kjem det nærmare informasjon om korleis desse midlane skal rettast inn. Vi kan difor ikkje leggje til grunn at tilsette i barnehagar som får tilretteleggingsmidlar i denne ordninga i 2025/2026 vil bli prioritert vidare i heile utdanningsløpet.

Med helsing

Marianne Skogerbø (e.f.)
utdanningsdirektør

Marie Lillejordet Sivertsen
rådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent



Adresseliste:

Stavanger kommune	Postboks 8001	4068	Stavanger
Sandnes kommune	Postboks 583	4305	Sandnes
Strand kommune	Postboks 115	4126	Jørpeland
Utsira kommune	Postboks 63	5547	Utsira
Sokndal kommune	Gamleveien 20	4380	Hauge I Dalane
Bokn kommune	Boknatun	5561	Bokn
Tysvær kommune	Postboks 94	5575	Aksdal
Haugesund kommune	Postboks 2160	5504	Haugesund
Karmøy kommune	Postboks 167	4291	KOPERVIK
Vindafjord kommune	Rådhusplassen 1	5580	Ølen
Hå kommune	Rådhusgata 8	4360	VARHAUG
Gjesdal kommune	Rettedalen 1	4330	Ålgård
Time kommune	Postboks 38	4349	Bryne
Sola kommune	Postboks 99	4097	SOLA
Randaberg kommune	Postboks 40	4096	Randaberg
Hjelmeland kommune	Vågavegen 116	4130	Hjelmeland
Sauda kommune	Postboks 44	4201	Sauda
Suldal kommune	Eidsvegen 7	4230	Sand
Lund kommune	Moiveien 9	4460	Moi
Klepp kommune	Postboks 25	4358	Kleppe
Bjerkreim kommune	Postboks 17	4389	Vikeså
Eigersund kommune	Postboks 580	4379	Egersund
Kvitsøy kommune	Kommunehusveien 6	4180	Kvitsøy